

Help Forsikring AS
Postboks 1870 Vikå
0124 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19348 - 21/72669

Saksbehandlar:
Madeleine Fønnes Aase
madeleine.fønnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
02.11.2021

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 62/66 og 62/67 Toffing

Tiltak: Kai og flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 62/66
Tiltakshavar: Kenneth Bjørnevoll

Saka vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 13.10.2021, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 144/21 Vedtak:

Klagen vert teken til følgje og vedtak i sak 20/19348, datert 01.06.2021, vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet naust på land, og frå arealføremålet i sjøen samt for byggjegrensa mot sjø for etablering av kai og felles flytebrygge knytt til naust for eigedommar på gbnr 62/66 og gbnr 62/67 Toffing.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 vert det samstundes gjeve løyve til tiltak for oppføring av kai og felles flytebrygge.

Utval for areal, plan og miljø meiner at dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje vert vesentleg sett til side og at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Det vert vektlagt at omsøkt tiltak ikkje forringar friluftslivet på staden, landskap eller andre miljøverdiar vesentleg.

Utvalet meiner og at den omsøkte flytebryggja vil sikre tryggare tilkomst til og frå båtar for dei to nausta, og at kaien er viktig for å sikre trygg tilkomst mot sjøen, slik at naustområdet får funksjonelle kvalitetar. Utan kai vert området vanskeleg å nytta for nausteigarane.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremål for oppføring av kai og flytebrygge - gbnr 62/66 og 62/67 Tofting

Mottakarar:

Help Forsikring AS
Kenneth Bjørnevoll

Postboks 1870 Vika
Reikeråsvegen 175

0124 OSLO
5913 EIKANGERVÅG